



**Det nærmar seg jul og fredag 6. desember kl. 17.00 er det igjen klart for julemarknad og tenning av julegrana.**

Damevennene er no i full gang med planleggjinga av årets julemarknad.

Som vanleg er det tenning av julegrana kl. 17.00, sal av graut i kjellaren i Helgheim, kaffi og kaker i Gamlaskulen og lappar og gløgg ute i teltet.

Har du noko du vil bidra med, anten det er salsbod, stand, underhaldning eller å hjelpa til med arrangementet, kan du melde deg til Janne på tlf. 95824652 eller Klara på tlf. 92811485.

Vi minnar ellers om at vi tek i mot forslag, både frå enkeltpersonar, lag og organisasjonar, til tiltak vi kan samla inn pengar til i tillegg til Aktivitetshuset. Einaste kriteriet vi har er at det må vera tiltak som kjem bygda vår til gode.

**Damevennene**